



Jørn Øyrehagen Sunde syner kva verknader historia om Gud fire døtrer og Landsloven frå 1274 har hatt å seia for vår kristne og humanistiske arv.

Mange kom til Kvinnherad kultursenter i dag for å høyra professor Jørn Øyrehagen Sunde førelesa over tema Guds fire døtrer og vår kristne og humanistiske arv. Bakgunnen er Salme 85 som handlar om sanning, fred, nåde og rettferd. Tanken er ført vidare i Dommareglane i Landsloven frå 1274. Øyrehagen Sunde maktar på ein meisterleg måte og gje studentane eit innsyn i dei store linene i vår religiøse- og kulturelle forståing og kva verknad det har for norsk kultur i dag.

Det er ulike tradisjonar knytta til historia om Guds fire døtrer, frå jødedommen, kristendommen, franske kloster til store filosofar og tenkjarar i Europa. Alle skriv sine preiker som vert ein viktig del av ein lærdomskultur frå 1100 talet og framover. Erkebiskop Tore kjem til St. Viktor klosteret ved Paris og vert påverka av grunntankane om Guds fire døtre, noko som mellom anna er synleg i Sørportalen i Nidarosdomen.

Tradisjonen frå Guds fire døtrer via Magnus Lagabøtes landslov legg grunnlaget for rettsstaten Noreg. Eit berande prinsipp har vore og er å døma rett utfrå loven, men like mykje ut frå samvitet og mildhet. Difor er det framleis viktig i norsk rettspraksis at ein held på bruken av meddommarar og kravet om konsensus, det å koma fram til semje.



[Om lag 80 godt vaksne studentar møtt fram for å høyra professoren i dag.](#)

Europeiske tankar og straumdrag er på reise frå land til land, eit kulturprodukt som vert tilpassa plassen ein kjem til og som av aktørar, som deg og meg, vert formidla vidare til nye generasjonar.

Noreg som nasjon merkjer seg ut i Europa ved at mange (90 %) syner stor tillit til staten, politikken og samfunnsutviklinga. Det er stor deltaking og det er framleis stor tiltru til rettferdssamfunnet. Alt dette er grunnleggjande prinsipp i vår kulturforståing og i kvardagen der vi hentar inn, skaper og tilpassar tankane til det livet vi lever.

Om lag 80 seniorar møtte fram for å høyra førelesinga til den engasjerte professoren, som i desse dagar vil ha sin faste forskar- og arbeidsplass på Juridisk fakultet i Oslo.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal